

Referat FAU 28.04.2026

Eva Madeleine Auglend, 1.trinn

Silje Fosse, 2.trinn

Ingrid Underhaug Nielsen, 3.trinn

Lisa Seel, 4.trinn

Heidi Sortland, 5.trinn

Henriette Njølstad Haugland, 6.trinn

Kristian Hognestad, 7.trinn

Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Saker:

38. FAU Har pengar på bok, kan bevilge ein sum til trivselstiltak for skulen/SFO (skulen disponerer sjølve)

Vedtak 28.04.2026: FAU gir kroner 6 400,- til skulen, som trivselsmidlar for elevar på skulen og SFO. Leiinga ved skulen disponerer desse fritt.

39. Olweusundersøkinga – Ingveig orienterer om resultat og tiltak

4.-7. trinn tok undersøkinga i februar. Det er høg trivsel på skulen og alle har ein venn. Det er litt høgare mobbetal enn i fjor, men det er likevel lågt. Mobbing skjer stort sett verbalt, på skuleplassen, klasserom og mobil/nettbrett/PC. Det er nedgang i dei som er bekymra for å bli mobba og dei som rapporterer å ha opplevd mobbing rapporterer også at dei har snakka med andre om dette. Det er tillit til dei vaksne og høg prososial tendens: elevane synest synd på og vil hjelpe dei som ikkje har det bra.

Negativt: jenter har auka- ein sjeldan gong, litt nytt.

Skulen har ikkje berre fokus på å stoppa mobbinga, men arbeider med at elevane ikkje ler eller bidreg til utrygt miljø. Ingveig tek dette opp i elevrådet.

Det er føreteke ein skulegardskartlegging og det er identifisert områder der elevane er utrygge. Dette arbeider skulen med og tek hensyn til i vaktplan og organisering av friminutt.

Kva kan føresette gjer:

Forsterke det positive ved å slå ned på uønska åtferd hos andre. Leite etter det positive hos eigne og andre born. Invitere alle i sosiale settingar. Sett inkludering høgt. Samsnacking og samhandling.

Informasjon via Elevrådet

Viktig at alle alltid gjev beskjed. All mobbing blir teke alvorleg av skulen og det blir etablert sak og følgt opp, sjølv om elevane ikkje alltid får vite om alt som blir gjort.

40. Evaluering foreldremøte – Lærerikt og godt oppmøte.

Etter litt diskusjon rundt bordet er FAU einige om å gjere følgande vedtak, og å melde dette inn på nettsida for «Smarttelefonfribarndomskule»:

Vedtak 28.04.2026: FAU ved Hognestad skule vil arbeida for ein Smarttelefonfri barndom for elevar ved skulen. Me ynsker å involvera foreldra i dette arbeidet, med mål om at ingen elevar har smarttelefon i 2030.

FAU vil følgje dette opp mellom anna gjennom å informera foreldre om vedtaket, ha fokus på det ved oppstart av nytt skuleår og nye klassar, og ved å dele informasjon til nye foreldrekontakter.

41. Mangfald og inkludering i skulen - Ingveig orienterer

Ingveig har vore på samling med tema mangfald og inkludering. Ekstremisme og radikaliseringsprosjekt blei teke opp. Å føle seg utanfor eit fellesskap kan vere svært skadeleg. Alle har lov å ha eigne meininger, men når blir ekstreme meininger ekstremisme? Radikaliseringsprosjekt kan vere synleg eller skjult, og personar som står utanfor eit fellesskap er sårbare for å bli radikaliserert. Det skal vere trygt å ha ulike meininger og at me kan vere ueinige på ein god måte. Her har skulen eit ansvar for å arbeide for å legge til rette for gode undervisningssituasjonar, samt arbeide for at alle elevane på vår skule skal føle seg inkludert.

Kva kan me gjere? Inkluder og slepp andre inn i varmen. Besøk museum og minnestader, lær om menneskerettar.

UDIR oppfordrar skulane til å markere mangfald. Vi skal verdsette mangfald og arbeide mot "oss" og "dei"-kjensla. I kommunen har Oppvekst utarbeide eit skriv for mangfald og inkludering for Time kommune. Deriblant at Time kommune innfører at skulane i kommunen heiser regnboge-flagget når dette blir gjort på rådhuset.

42. Nytt frå KFU - Kristian orienterer – Dialogmøte med skulekontor, rektorar og KFU 20.april.

Time kommune ligg på snitt på fleire resultat. Me har høg gjennomføringsgrad på VGS. Skulane rapporterer at dei sjølve arbeider godt og har eit godt samarbeid.

I Dialogmøte vart også kvalitetsmeldinga for Time Kommune presentert.

43. Branntilsyn vs pengar til maling – Ingveig orienterer

TG3 avvik for brannvern på skulen er så store at dei pengane me hadde fått til maling heller må gjerast i forbindelse med brannvern. Det viktigaste er branntilsynet. Fleire tiltak er sett i gang, men det er fleire større inngrep skulen må gjer for t.d rømningsveg frå biblioteket.

44. 17.mai. Noko komiteen treng hjelp med?

17. mai komiteen er ei eiga gruppe og ingen derifrå er på dette møte i FAU. FAU gir ei tilbakemelding om lappen som er sendt ut, om å hugsa å skrive ned dersom det er eventuelle allergiar bakarane må ta hensyn til. t.d. glutenfri og nøttefri.

45. Dugnad – vask av brakke gjort. Maling snart?

Brakka er vaska og det ser veldig fint ut. Kommunen betaler for maling, men me treng ein liten gjeng for å male. Kan me klare å samle eit lite mannskap og bruke nokre ettermiddagar på å gjere jobben? Leiar i FAU kan koordinere. Klassekontakt spør i klassen kven som kan vere med og det blir sendt ut melding når dugnad er førestående.

46. Oppgåveliste til føresette – oppdatera denne

Ingveig har utarbeida eit skjema med arbeidsoppgåver for dei ulike klassane og føresette ved Hognestad skule. Dette skjemaet skal følge klassen og klassekontakten har ansvaret for denne. Her skriv klassekontakt inn kva som skal skje i løpet av året (t.d Mapahoney, trafikkdag, Hei-verda osv). Her legg ein også inn er/har vore klassekontakt, kan halde orden på at bidraga til ulike tilstellingane på skulen blir litt likt fordelt. Kan brukast som eit levande arbeidsdokument og hjelpearb for klassekontaktane.

Anna – ingen saker kom opp

Ref. Eva Madeleine Auglend